



Fotballpappa Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen i funksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I allslags ver vart SPAR Heio Cup 2009 avvikla på Heio denne sundagen og kan registrerast som ein suksess både sportsleg og med omsyn til organisering og avvikling. 30 lag frå heile Kvinnherad med over 200 spelarar frå fire aldersklassar (1999, 2000, 2001 og 2002) stilte opp og det er grunn til å anta at like mange vaksne var møtt fram.

Også dei koste seg skikkeleg sjølv under regnbygene, for dette var framifrå underhaldning. Og engasjementet var minst like intenst frå dei vaksne si side som frå deira håpefulle.



Vertskapet markerte seg også skikkeleg sportsleg sett. Her er det eine av 2002-laga i aksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)  
Under Heio Cup nummer 10 var også ein hovudsponsor på plass - SPAR. Det var eit viktig pluss for arrangementet, for butikken hadde teke på seg alle leveransar av mat og drikke i tillegg til eit økonomisk bidrag.



Serveringsteltet var ein suksess. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det gjorde det mogeleg å setta opp ein heil kafe med tak over i tillegg til serveringsbua på den andre sida av banen. I kafeen vart det masseprodusert både vaflar og anna godt og også dei som var ansvarleg for serveringa gjorde ein storinnsats.

Og ikkje nok med dei to serveringsstadene - det vart også frista med rullande sal!

Under eit arrangement som dette er trafikkavvikling og parkering også svært viktig og også denne biten var skikkeleg gjennomtenkt. Gjennom god merking vart bilane losa oppover på Døssslandsio og flinke parkeringsvaktar fann god plass for alle. Returen fann så stad på Kjerlandsio.

Vi vil også setta eit kryss i margin bak mannen - eller rettare sagt guten - bak mikrofonen. 15-åringen Hallvard Døsmland hadde inga problem med å klare denne oppgåva, men han vil ikkje vera med på at han allereie er på veg mot ei framtid som skrankeadvokat!

I tråd med reglementet er det ikkje tevling mellom så unge lag - med offentleggjering av resultatata etterpå. Alle var vinnarar og fekk nylaga pokalar med SPAR-symbol på i tillegg til minifotballar.

Noko som også imponerte var at premieringa fann stad fortløpande, etter kvart som laga hadde avvikla kamp-programmet sitt.

Konklusjonen er klar: Eit nytt vellukka arrangement i Uskedalen er gjennomført!

Kvinnheringen melder at eit høgtalaranlegg på fleire hundre kilo kvelva frå ein tilhengjar då ein ung mann heldt på å dekkja til høgtalarane med presenning mot regnet. Mannen hamna under ustyret men vart berre lettare skadd, blir det opplyst.

Leiinga for cupen opplyser til uskedalen.no at dette var noko som skjedde før arrangementet starta.

Av Ola Matti Mathisen



Eit høgtalaranlegg kvelva, men det gjekk etter tilhøva bra. (Foto: Geir Remme, Kvinnheringen)